

Årsmelding 2025

DNT Sogn og Fjordane



DNT Sogn og Fjordane



DNT Sogn og Fjordane:

Er eit overbyggjande regionledd for lokale turlag i vårt nedslagsfelt og er kontaktpunkt mot styresmakter, samarbeidspartnarar og DNT sentralt. Føremålet vårt er å fremje eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv og arbeide for å sikre friluftslivets natur- og kulturgrunnlag. I vår medlemsforeining er det 14 lokale turlag - Aurland Turlag, Balestrand og Høyanger Turlag, Flora Turlag, Indre Nordfjord Turlag, Indre Sunnfjord Turlag, Keipen Turlag, Luster Turlag, Lærdal Turlag, Midtre Nordfjord Turlag, Sogndal Turlag, Vik Turlag, Ytre Nordfjord Turlag, Ytre Sogn Turlag og Årdal Turlag . Desse har høg aktivitet året rundt for vaksne, born og unge. Vi har 24 DNT-hytter frå kysten til fjellheimen.

Lokallag:	14
Medlemmar:	8 168
Dugnadstimar:	34 457
Deltakarar:	20 001
Hytteovernattingar:	8 444

Innhald

Tilitsvalde og tilsette DNT Sogn og Fjordane 2025	3
Styreleiar om 2025	4
Medlemsutvikling	5
Styre og administrasjonen sitt arbeid 2025	6
Medie- og kommunikasjon	7
Årsmøtet 2025	7
Landsmøtet	7
Fellesmøtet 2025	8
Årsmelding Kurs- og fjellsportutvalet	9
Årsmelding Naturvernutvalet	10
Friluftslivets år	11
Prosjektarbeid «Eg gjekk ein tur på stien»	12
Barnas Turlag	13
DNT Ung	14
Prosjektarbeid: Unge Naturtalenter	14
Våre lokallag	15–18
Statistikk	19–21
Samarbeidspartnarar	22–23
Økonomi	23

Tillitsvalde og tilsette DNT Sogn og Fjordane 2025

Styret:

Leiar:	Trond Øyen Einemo	LæT	toe@metopro.no	91620086
Nestleiar:	Karen Weichert	VT	karen.weichert@sogn.no	90534102
Styremedlem:	Jarle Aarvoll	ST	aarvoll@hotmail.com	90822420
Styremedlem:	Per Tore Meier	IST	per.tore.meier@gmail.com	41505600
Styremedlem:	Bente Sunde	INT	bentesunde@hotmail.com	47646560
Varamedlem 1:	Hanne K.Bruaas	BHT	hanne.bruaas@gmail.com	47895270
Varamedlem 2:	Tina Løkke Vie	MNT	tinalvie@hotmail.com	95869288
Varamedlem 3:	Tom Dybwad	ST	tojady@hotmail.com	97523411

Kurs- og Fjellsportutval (KFU):

Leiar:	Vigdis F. Kvamme	IST	vigdis.kvamme@enivest.no	48106362
Medlem:	Rune Valsvik	ÅT	rune.valsvik@gmail.com	41617528
Medlem:	Roy Raasholm Fauske	IST	roy.raasholm.fauske@nrk.no	97055206
Varamedlem:	Jannike Brenden Frøyen	KP	keipenturlag@gmail.com	90164788

Naturvernuttval:

Leiar:	Magnus Frøyen	FT	magnus@svanoy.com	90145316
Medlem:	Siri Ingvaldsen	IST	ingvaldsen.siri@gmail.com	
Medlem:	Anita Taftø	BHT	anita.tafto@hoyanger.kommune.no	99312587
Varamedlem:	Jørund Nygård	KT	lorun.nygaard@gmail.com	909 43 882

Valnemnd:

Leiar:	Siv Solheim	INT	sif.sol@gmail.com	97139675
Medlem:	Silje Marita Vallestad	YNT	silje_@hotmail.com	90193975
Medlem:	Bjarne Venjum	LT	bjarnevenjum@hotmail.com	

Administrasjon:

100%	Eirik Thue	eirik.thue@dnt.no
50 %	Hege Mundal	hege.mundal@dnt.no
40 %	Gry Thyrrestrup	gry.thyrrestrup@dnt.no

Rekneskapsfører: Sparebank 1 forretningspartner

Intern revisor DNT SF: Knut Furu Strømmen

Styreleiaren om 2025

DNT Sogn og Fjordane kan sjå tilbake på eit aktivt og meningsfullt friluftsliv i 2025. Gjennom året har vi skapt møteplassar, meistring og naturopplevingar for tusenvis av menneske i heile fylket. Turaktiviteten har vore høg, og både små og store har funne vegen ut – til fjells, i skogen, langs fjorden og på nærturar i eige lokalmiljø. Det ligg stor verdi i kvart steg som vert teke, både for folkehelsa og for fellesskapen.



2025 har vore Friluftslivets år – eit år der verdien av naturen og det enkle friluftslivet verkeleg har stått i sentrum. I ei tid der mange opplever utanforskap og ein meir krevjande kvardag, ser vi kor viktig vårt arbeid er. Gjennom turar, dugnader og lågterskeltilbod bidreg vi til å skape tilhøyrle, meistring og samhold. Friluftslivet er ein arena der alle kan finne sin plass.

Prosjektet «Eg gjekk ein tur på stien» har hatt god framdrift i 2025. Arbeidet med stiutvikling og merking engasjerer eit stort tal frivillige, og vi ser allereie positive ringverknader i lokalsamfunna. Dette er eit løft for bulyst, folkehelse og berekraftig reiseliv. Samarbeidet mellom frivilligheit, næringsliv og kommunar/fylkeskommune viser kva vi kan få til når vi dreg i lag.

Tryggleik og kvalitet i tilboda våre har framleis høg prioritet. Vi har eit mangfaldig aktivitetstilbod, og det er avgjerande at alle som deltek på våre arrangement kjenner seg godt ivaretekne. Arbeidet med risiko og sikkerheit er ein naturleg del av organisasjonen si utvikling og profesjonalitet.

Barnas Turlag står sterkt i alle våre lokallag. Aktiviteten for dei yngste er både imponerende og viktig – det er her friluftsgleda vert skapt for framtida. Også tilbod som «Unge Naturjenter» og andre inkluderande tiltak har gitt mange nye deltakarar sterke opplevingar og nye vennskap. Mangfald og inkludering er ikkje berre ei satsing – det er ein verdi som skal prege alt vi gjer.

Vi er òg takksame for gåvemedlar og støtte frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og andre bidragsytarar. Desse midlane gir lokallaga høve til å realisere gode prosjekt og vidareutvikle aktiviteten. Det er inspirerende å sjå kor mykje skaparkraft og dugnadsånd som finst rundt om i organisasjonen.

Bak alle tala, tiltaka og prosjekta står menneska. Våre frivillige legg ned eit imponerende arbeid kvar einaste veke. De brukar fritida dykkar for at andre skal få oppleve naturglede og fellesskap. Det fortener den aller største takk.


Vi vil òg rette ei varm takk til våre medlemmar for støtta og engasjementet. Medlemskapet er grunnlaget for arbeidet vårt, og vi har framleis plass til fleire som vil vere med – enten som deltakarar eller frivillige.

DNT Sogn og Fjordane vil takke samarbeidspartnarar, næringsliv, kommunar, fylkeskommunen, lokallaga våre, administrasjonen og DNT sentralt for godt samarbeid gjennom året. Saman utviklar vi friluftslivet i regionen vår.


Med stoltheit ser vi tilbake på 2025 – og med optimisme ser vi framover. Naturen ligg der, moglegheitene er mange, og behovet for fellesskap og ekte opplevingar har kanskje aldri vore større.

Styreleiar i DNT Sogn og Fjordane
Trond Øyen Einemo

Medlemsutvikling



Per 31. august 2025 hadde DNT Sogn og Fjordane 8 168 medlemmar mot 7989 medlemmar i 2024, dette er ein medlemsvekst på 2,24 prosent. Foreininga er ein del av Den Norske Turstforening og har sitt nedslagsfelt i det tidlegare Sogn og Fjordane fylke. DNT Sogn og Fjordane samarbeider med og støttar dei 14 lokale turlaga i regionen, som til saman dekkar alle kommunane. Vi arrangerer kurs, samlingar og møter, og fungerer som kontaktpunkt mot styresmakter, samarbeidspartnarar og DNT sentralt. Medlemmene er registrerte i lokallaga, som er sjølvstendige juridiske einingar med organisasjonsnummer, styre, årsmøte og eigen økonomi. Turlaga driv med merking og vedlikehald av stiar, hyttedrift og eit breitt spekter av aktivitetar for alle aldersgrupper. Mange har eigne undergrupper, som til dømes Barnas Turlag, Gå-lag, padlegruppe, fjellsportgruppe, DNT-ung, tilbud for personar med funksjonsvariasjonar eller andre spesialtilpassa aktivitetar. Tilbodet er mangfaldig, og dei fleste vil finne noko som passar for seg.



Vi vil rette ei varm takk til dei lokale turlaga våre for den imponerende dugnadsinnsatsen dei legg ned for friluftslivet år etter år. Engasjementet og ståpåviljen er heilt avgjerande for å ta vare på stiar, hytter og friluftsområde, slik at det kan nyttast og opplevast av oss alle.

Statistikken for 2025 viser at det i vårt område åleine vart lagt ned 34 457 dugnadstimar. Det er eit tal som vitnar om ein enorm innsats, eit sterkt fellesskap og ei djup forankring i frivillig arbeid.

Styret & administrasjonen sitt arbeid i 2025



Fordeling av arbeidsområde administrasjonen i DNT SF:

* Eirik Thue var tilsett i 100 % stilling som organisasjonssekretær. Oppgåver til denne stillinga er ansvar for dagleg drift av kontoret, økonomi, organisasjonsarbeid og sekretærfunksjon for styret. I tillegg til kontaktpunkt og støtte for dei 14 lokale turlaga, samt bindeledd mot DNT sentralt, samarbeidspartnarar og offentlege instansar. Arbeidet omfatta òg medlemsrekruttering, marknadsføring, kurs, møter, søknadsarbeid og rapportering.

* Hege Mundal var tilsett i ei 50 % stilling som organisasjonsmedarbeidar (i samarbeid med Indre Sunnfjord Turlag). Ho hadde hovudansvar for oppfølging av kursgruppa, var kontaktperson for Barnas Turlag og hadde prosjektleiing knytt til Unge Naturtalenter og Friluftslivets år. I tillegg bidrog ho til den daglege drifta, mellom anna gjennom arbeid knytt til bruk og implementering av nye DNT-system, SOME, prosjektoppfølgjing, oppfølging kursutvalet og kontroll av DNT Sogn og Fjordane sitt utstyr.

* Gry Thyrrstrup var tilsett i 40 % stilling som organisasjonssekretær (i samarbeid med Sogndal/Luster Turlag). Ho er prosjektleiar for «Eg gjekk ein tur på stien».

Styret har gjennomført 10 styremøte og handsama 47 saker. Vi gjennomførte årsmøte på Skei 15.mars og Fellesmøte i Stryn 1.- og 2 .november.

Prioriterte oppgåver:

Strategiarbeid: Landsmøtet i DNT vedtok ny strategiplan «Felleskap med og i naturen» 2026-2031. Styret har jobba med denne med mål om vedtak under Årsmøtet i mars 2026

Medlemsavtale mellom DNT Sogn og Fjordane og DNT sentralt

Ny medlemsavtale mellom lokallag og DNT Sogn og Fjordane

Spelemiddelsøknader der ein i år har søkt på vegner av Flora Turlag sine planar i Askrova.

DNT ung: Prosjektet Unge Naturtalent har vore eit satsingsområde.

Barnas Turlag: Oppfølging og støtte til lokale Barnas Turlag, tilbod om aktivitetsleiarkurs.

Naturvern: Legge til rette for at DNT sitt arbeid er i tråd med retningslinjer og anbefalingar. Ta stilling til høyringar saman med FNF.

DNT ØkonomiRing SA er avvikla. DNT sentralt har inngått ein rammeavtale med Sparebank 1 Forretningspartner. DNT Sogn og Fjordane har signert avtale med dei. I løpet av året har Bergen og Hordaland Turlag gjeve tilbod på denne tenesta, vi har også henta inn tilbod frå Accountor.

Forvaltning av gåvemidlarordninga frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Prosjektet «Eg gjekk ein tur på stien» – søknadsbehandling.

DNT system: Det har sidan 2023 vore jamn flyt av nye digitale løysingar og oppdateringar som skal implementerast. I 2025 kom særleg DNT med ny tilskotsportal, ny hyttebestillingsløysing og Power BI - eit nytt verktøy for analyse og innsikt.

Medie- og kommunikasjon

Kommunikasjonsarbeidet i DNT Sogn og Fjordane skal gjere turlaga sine tilbod synlege og tilgjengelege på ein attraktiv måte som når flest mogeleg, samstundes som det løftar fram verdien av natur og friluftsliv.

DNT Sogn og Fjordane har laga ein SOME-plan, som omfattar både organisk innhald og betalt annonsering. Vi har ved årsskiftet 5 024 følgjarar på Facebook, 521 fleire enn året før. Totalt 1,2 millionar visningar i 2025. Instagram har vi 776 følgjarar, 101 opp frå året før. Visning på dei mest populære innlegga var på 1 100.

I 2025 vart marknadsføring av turar og aktivitetar i lokallaga utelukkande gjennomført digitalt. Informasjon finn du på vår nettside (dnt.no/sognogfjordane) og våre kanalar i sosiale medium: Facebook (DNT Sogn og Fjordane, DNT Ung Sogn og Fjordane) og Instagram (@dnt_sognogfjordane, @dntungsognogfjordane).

Alle lokallag har eigne nettsider og Facebook-sider, og dei fleste Barnas Turlag annonserer sine aktivitetar på Facebook. Dette bidreg til å synleggjere det breie tilbodet i vårt område.

Vi har også jobba målretta, saman med Sparebankstiftinga, med å få omtale i lokale aviser i fylket knytt til ulike prosjekt i «Eg gjekk ein tur på stien».



Årsmøtet for DNT Sogn og Fjordane

2025 vart halde på Thon Hotell Skei den 15.mars, med 28 deltakarar, der 21 var røysteføre. På møtet vart vanlege årsmøtesaker handsama, inkludert godkjenning av årsmelding, rekneskap og budsjett.

Strategiperioden for DNT Sogn og Fjordane vart forlenga ut 2025, og handlingsplanen for 2025 vart vedteken. Det vart òg gjennomført val av styremedlemmer, der nye representantar vart valt inn.

Kontingenten for 2025 vart sett til 90 kroner per enkeltmedlem og 7 kroner per medlem for digital marknadsføring av aktivitetsskalender.

DNT sitt landsmøte 2025 gjekk av stabelen i Stavanger 13.-og 14.juni. DNT Sogn og Fjordane var representert med Trond Øyen Einemo, Karen Weichert og Jannike Brenden Frøyen og Eirik Thue. Tidlegare styreleiar i DNT Sogn og Fjordane, Siv Merete Stadheim, vart valt inn i landsstyret i DNT. Landsmøtesaker var mellom anna: Opptak av nye medlemsforeiningar, modellvedtekter, tilhøyrighet for utanlandsmedlemar i DNT, vegval 2026-2031, satsingsområde og hovudprioriteringar for 2026-2027 og val. Landsmøtet i 2027 vert arrangert på Lillehammer 11.- til 13. juni.

Fellesmøtet i Stryn 2025



Fellesmøtet vart arrangert på Lodgen i Stryn 1.- og 2. november med 39 deltakarar frå våre 14 lokallag, samt styret, administrasjonen og utvalsleiarar.

Det vart orientert om nye medlemsavtalar mellom lokallaga og DNT Sogn og Fjordane, som skal erstatte avtalane frå 2021. Desse, saman med nye modellvedtekter, skal vedtakast på årsmøta i 2026. Avtalane skal vere like i heile DNT-systemet.

DNT sitt nye vegvalsdokument for 2026–2031 ligg til grunn for eit utkast til ny strategiplan for DNT Sogn og Fjordane. Strategiplanen har fire hovudmål knytte til aktivitet, berekraft, fellesskap og samfunnsrolle, og skal vedtakast i mars 2026 etter høyring i lokallaga.

Barn og ungdom er ei sentral satsing i DNT. Etter negativ utvikling i Barnas Turlag i 2023 har organisasjonen sett i verk fleire tiltak, mellom anna styrking av Turbo-konseptet, ny design og meir målretta kommunikasjon. Tiltak som Turbostråkk, Turboklubb og TurboTur vart presenterte. Keipen Turlag delte erfaringar med aktivt og variert tilbod for barnefamiljar.



Fellesmøtet drøfta organisering og finansiering av barn- og ungsatsinga. Vedtak frå årsmøtet i 2025 om vidareføring av ei 50 prosent stilling vart stadfesta. Styret skal leggje fram ei heilskapleg sak til årsmøtet i 2026 om prioriteringar, bemanning og økonomiske konsekvensar for lokallaga.

Det vart gjeve status på DNT sine digitale system, med nye løysingar for aktivitetar, hyttebestilling, tilskot og medlemsoversyn. Fleire forbetringar kjem i 2026, mellom anna vidareutvikling av DNT-appen og «Mi side».

Kurs- og kompetansearbeidet er retta mot turleiarkurs og rett kompetanse for trygg ferdsel. Det vart peikt på utfordringar med rekruttering og deltaking, og behov for betre lokal oppfølging.



UT.no og UT-appen vart presenterte som DNT sin viktigaste kanal for turinformasjon. Lokallaga i Sogn og Fjordane fekk ros for stor innsats. Ny UT-app kjem snart, og DNT ønskjer å samle turinformasjon i éi felles løysing.

Til slutt vart det orientert om innspel frå Bergen og Hordaland Turlag om samarbeid under namnet DNT Vestland. Styret i DNT Sogn og Fjordane har konkludert med at ein ikkje ønskjer å gå vidare med dette.

Årsmelding Kurs- og fjellsportutvalet 2025

Kurs- og Fjellsportutvalet i DNT Sogn og Fjordane fungerer som rådgjevar og pådrivar for kurs og fjellsport i regionen.

Utvalet har solid kompetanse på feltet og planlegg kurs i samarbeid med administrasjonen. Leiarar av utvalet deltek fast på styremøta i DNT Sogn og Fjordane.

DNT Sogn og Fjordane har eit sterkt fokus på utdanning av turleiarar innan DNT-systemet. Dette styrkar tryggleiken for deltakarane på turar i vår region. Fleire kurs har blitt avlyste i år grunna låg påmelding.

I 2025 har vi arrangert fleire kurs og hatt eitt digitalt møte på Teams og eitt fysisk møte. I tillegg til kursa vi har arrangert sjølv i regionen, har vi hatt samarbeid med DNT Møre.

Aktivitet:

Roy Raasholm Fauske, Rune Valsvik, Jannike Brenden Frøyen og Vigdis Flaten Kvamme deltok på kursleiararsamling i Bergen 14.–16. november. Leiaren var til stades på årsmøtet for Fjellsport i Oppdal i mars, og kursgruppa deltok på Fellesmøtet i Stryn. Kursgruppa har kjøpt inn jakker til alle kursleiarar.

07.-09.03 NF 3-dagars skredkurs i Fjærland, 6 deltakarar

14.-16.03 NF 3-dagars skredkurs i Jostedalen, 6 deltakarar

05.-06.04 grunnleggjande turleiarkurs for Unge Naturtalenter, 4 deltakarar

13.-14.9 Grunnleggjande turleiarkurs på Nipebu, 6 deltakarar

22.-24.8 NF grunnkurs førstehjelp på Langeland, 6 deltakarar

Hausten 2025 blei det planlagde sommarturleiarkurset til DNT SFJ avlyst på grunn av få påmelde. Deltakarane fekk høve til å delta på kurs i Sunnmøre/Voss. To deltakarar blei med DNT Sunnmøre, der kursleiar frå DNT SFJ bidrog som medkursleiar for sommarturleiar del 2.

Kursgruppa forsøkte òg å arrangere kursleiararsamling for turleiarar i Sogn og Fjordane ved to høve, men måtte avlyse på grunn av for få påmelde.



Årsmelding Naturvernutvalet 2025

Utvalet har hatt nokre møte på Teams i samband med uttalar i høyringssaker, elles har ein ikkje hatt eigne møter i naturvernutvalet. Arbeidet som har vore gjort er i hovudsak gjennom Forum for Natur- og friluftsliv (FNF) og ein har kommunisert i utvalet på e-post i høve saker som har vore handsama der.

Gjennom FNF har DNT Sogn og Fjordane vore med å gjeve uttaler i sakene som er lista opp nedanfor. Utvalsleiar har vore leiar i styret for FNF og har vore med på styremøta der samt årsmøte og har delteke på nokre av styremøta i DNT Sogn og Fjordane.

Utvalsleiar var og med på FNF si landsamling på Jevnaker 26.- og 27. november.

Gjennom FNF har ein i 2025 vore med å gjeve uttale i desse sakene:

- | | |
|------------|--|
| 29.11.2025 | Fråsegn til (endra!) søknad om regulering av Selsvatnet i Sunnfjord kommune |
| 21.11.2025 | Uttale til rullering av kommuneplanen i Bremanger sin Samfunnsdel |
| 18.11.2025 | Fråsegn til Varsel om planoppstart og høyring av melding med plan- og utredningsprogram for Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk, Bremanger kommune. |
| 10.10.2025 | Planprogram for Regional plan for verdiskaping og kompetanse |
| 10.10.2025 | Planprogram for Regional plan for areal og mobilitet |
| 04.08.2025 | Fråsegn til planstrategi Bremanger kommune |
| 20.07.2025 | Fråsegn til planprogram detaljreg farlei Kinn kommune |
| 20.07.2025 | Fråsegn til planprogram detaljregulering farlei Bremanger kommune |
| 30.06.2025 | Planprogram og hovudutfordringar for vassforvaltningsplan 2028-2033 |
| 02.06.2025 | Fråsegn detaljregulering Jostedalabreen gondol |
| 15.05.2025 | Kommunedelplan Naturmangfald Gulen kommune |
| 10.03.2025 | Fråsegn til søknad om utfylling i sjø ved Olsetvikane Askvoll kommune |



Planprogram
Regional plan for areal og mobilitet



02.06.2025

Uttale til planframlegg for Jostedalabreen Gondol – sak 22/2096
Viser til høyring av detaljregulering Jostedalabreen gondol i Sunnfjord kommune.

Oppsummert, kommentarar til planframlegget

- DNT meiner tiltaket utgjer ei kommersialisering av landskapet som vil medføre vesentlege skader på intakt natur av regional og nasjonal verdi, samt vere svært uheldig for eksisterande friluftslivskultur i området. Vi meiner at dette prosjektet står i direkte motstrid til strategiar og mål for å løyse natur- og klimakrisa.
- DNT støttar Jostedalabreen nasjonalparkstyre si vurdering om at utbygginga vil påverke verneverdiene negativt og vere i strid med alle vernehemmelte til Jostedalabreen nasjonalpark.
- KU Natur – DNT er kritiske til at utbygginga konkluderer med at det berre er «noko negativ konsekvens» for Jostedalabreen nasjonalpark.
- KU friluftsliv – DNT er svært kritiske til at utbygginga har gjort ein todelt vurdering av fagtema friluftsliv i konsekvensutgreiinga, der ein skil mellom dagens bruk som i all hovudsak gjeld tradisjonelt friluftsliv, og ny bruk med nye brukargrupper knytt til lettare tilkomst av området. Vi meiner dette ikkje er i tråd med metodikken for konsekvensutgreiingar av fagtema friluftsliv paragraf 16-19a1. Vidare stiller vi spørsmål ved om samta konsekvensutredning omvøltle naturstøttemåttar er riktige.

Friluftslivets år 2025

I 2025 har vi, saman med våre lokallag, vore aktive deltakarar i markeringa av Friluftslivets år. I DNT er det eigentleg friluftslivets år kvart år, men dette året har vi gjort litt ekstra for å feire og synleggjere gleda ved å vere ute.

Året starta med eit skikkeleg smell då «Kom Deg Ut-dagen» og «Heile Noreg Bålar» gjekk av stabelen laurdag 18. januar. Våre lokallag og Barnas Turlag sytte for arrangement på heile 32 stader rundt om i Sogn og Fjordane – frå fjord til fjell.

I **samarbeid med** SpareBank 1 Sogn og Fjordane arrangerte vi ei føredragsrekke med Lars Monsen. Kring 2 000 personar fekk med seg inspirerende forteljingar frå Monsen sine mange ekspedisjonar i fulle salar i Sogndal, Førde, Nordfjordeid, Dale og Florø. Undervegs har fleire lokale Barnas Turlag også arrangert familieturar til dagsturhyttene. Vi håpar alle som deltok sit att med både inspirasjon – og kanskje nokre ekstra kroner sett av til pensjon, den lengste ekspedisjonen i livet.

Midt på sommaren var DNT-hytta på hjul på besøk hjå Ytre Sogn Turlag og Keipen Turlag. Dette blei ein flott introduksjon til DNT-hyttelivet for både store og små, og gav mange smaken på det gode hyttelivet – sjølv midt i sentrum.

Eitt av høgdepunkta i markeringa kom i september, då vi fekk kongeleg besøk på Tungestølen i Luster. H.K.H. Kronprins Haakon, som er høgste beskyttar for Friluftslivets år 2025, deltok på ei feiring av friluftslivet saman med barn og unge frå området. Kronprinsen fekk oppleve både brevandring og storslått natur, og delte sine egne tankar om friluftslivet: *«Eg trur det ligg naturleg for oss menneske å vere ute i naturen, og at det skjer noko veldig positivt med oss når vi får moglegheita til det. Berre det å vere ute i naturen er noko som gjer at eg kjem tilbake i balanse.»*

Under friluftslivets veke samarbeidde vi med Vestland Fylkeskommune om «teltjakten» der alle som sjekka UT på ei dagsturhytta denne veka var med i trekninga av eit telt. Mot slutten av året samla vi oss igjen til den nasjonale markeringa «Heile Noreg saman på tur» den 10. oktober – på verdsdagen for psykisk helse. Dette blei ein fin og verdig avslutning på eit år der vi verkeleg har fått vist fram breidda i friluftslivet: frå bål og fellesskap til inspirasjon, meistring og mental helse.



Prosjektarbeid «Eg gjekk ein tur på stien»



Prosjektet «Eg gjekk ein tur på stien» er eigd av DNT Sogn og Fjordane og finansiert av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Ordninga er organisert med styringsgruppe og ei sentral prosjektgruppe. DNT har vore involvert sidan hausten 2023, og sidan våren 2024 har prosjektet hatt eigen prosjektleiar i delt stilling, med administrativ støtte frå organisasjonen.

Arbeidet har i hovudsak vore retta mot å utvikle prosjektplan og retningslinjer for tilskotsordninga, tilpasse ordninga til spelemiddelregelverket, spreie prosjektet til kommunane gjennom informasjonsmøte og sikre god rettleiing og kvalitet i søknadsbehandlinga. Prosjekt- og styringsgruppe har vist stort engasjement og høg fagleg kompetanse, noko som har gitt grundige og gjennomtenkte vurderingar.

Prosjektet har hatt tre søknadsrundar i perioden 2024–2025. Det er kome inn 20 søknader, der 16 er innvilga, fordelt på 13 av 18 kommunar i Sogn og Fjordane. Totalt er det søkt om 6,67 millionar kroner, og 5,61 millionar kroner tildelt. Samla utløyser prosjekta 9,6 millionar kroner i spelemidlar, 3,7 millionar kroner i andre tilskot og ein dugnadsinnsats verdsett til 4,33 millionar kroner, tilsvarande kring 10 000 dugnadstimar.

Kompetanseheving har vore eit sentralt mål i prosjektet, både innan praktisk stiutvikling, planlegging og søknadsarbeid. DNT Sogn og Fjordane arrangerte 3. april eit seminar på Skei om berekraftig stiutvikling med 49 deltakarar frå kommunar og frivillige lag. Seminaret gav felles kompetanseheving og erfaringsutveksling om mellom anna praktisk stiutvikling, samarbeid, grunneigarforhold og søknadsprosessar. Planlagt praktisk stikurs i 2025 vart utsett grunna mangel på kurshaldar, med mål om å gjennomføre både merkekurs og stibyggingkurs i 2026.

Barnas Turlag 2025



Barnas Turlag er ein god arena for mange sitt første møte med DNT, det enkle friluftslivet og ei sterk kjensle av fellesskap.

I 2025 er det 20 Barnas Turlag som har halde god aktivitet i vårt dekningsområde gjennom året. Med gratis-, og opne arrangement er Barnas Turlag òg ein inkluderande plattform som inviterer personar med innvandrar- og flyktningbakgrunn til å bli med. Vi har i løpet av året sett fleire gode døme på samarbeid mellom Barnas Turlag og organisasjonar som flyktningtenesta, frivilligsentralar, BUA og Røde Kors. Slike samarbeid bidreg til større, meir inkluderande arrangement.

To gongar i året deltek Barnas Turlag i arrangementet Kom Deg Ut-dagen, Norges nasjonale turdag. Denne dagen tilbyr DNT ei rekke gratis friluftaktivitetar over heile landet, med mål om å inspirere familiar og andre til å oppleve naturen i sitt nærområde. I 2025 var vinterutgåva av Kom Deg Ut-dagen òg kick-off for Friluftslivets år.

DNT Sogn og Fjordane har dei siste åra hatt eigen kontaktperson for Barnas Turlag som informerer om midlar, merkedagar og koordinerer kurs. I 2025 vart det etablert ei ressursgruppe for Barnas Turlag som har, og kan vere med, å halde aktivitetsleiarkurs i vår region. Det vart halde tre kurs med til saman 17 deltakarar dette året.

TurboTråkk, turdagen for barnehagar, vart gjennomført i september. I år sende vi ut informasjon om tilbodet direkte til barnehagane i vårt område, noko som førte til rekordstor deltaking: 44 barnehagar og 1 100 påmeldte barn, der berre åtte barnehagar hadde delteke tidlegare.

Barnas Turlag vart òg sett på dagsorden under DNT Sogn og Fjordane sitt Fellesmøte i november, der vi fekk besøk av Kristin Oftedal, fagsjef for barn og unge i DNT sentralt.

Nokre stader er det framleis utfordrande å rekruttere frivillige, og småbarnsforeldre er ofte travle. Vår rolle som rådgjevande organ løyser ikkje desse utfordringane åleine, men vi vil arbeide vidare for å gjere det enklare og kjekkare å vere frivillig i Barnas Turlag – samt legge til rette for kurs og erfaringsutveksling på tvers.



DNT ung

Dei siste åra har aktiviteten i DNT ung i Sogn og Fjordane vore krevjande. Det har ikkje vore eit eige regionalt DNT ung-utval og få aktive lokale UNG-grupper. Mange lokallag opplever at ungdom flyttar vekk for skule og utdanning, og det har gjort det vanskeleg å halde oppe eit aktivt DNT ung lokalt. Det er også høg konkurranse om å nå ut til målgruppa.

I 2024 starta vi opp prosjekta Unge Naturjenter og Unge Naturtalenter, som har vore viktige for å styrke ungdomsarbeidet i fylket. I 2025 fekk vi også sett nytt liv i DNT ung Sunnfjord og DNT ung Luster, takka vere frivillige frå prosjektet og lokal oppfølging i styra. Det har elles i 2025 blitt arrangert lokale campar for ungdom i Gloppen, Solund og Bremanger.

Det lokallaga i Sogn og Fjordane lukkast aller best med, er OPPTUR – den nasjonale friluftsdagen for 8.klassingar. Her får nesten alle skular i vårt dekningsområde invitasjon til deltaking.



Unge Naturtalenter

Unge Naturtalenter er eit eittårig leiarutviklingsprogram for ungdom mellom 15 og 19 år, med mål om å skape tryggleik, meistring og naturglede – og rekruttere nye frivillige leiarar til DNT ung.

Skuleåret 2024/25 deltok sju ungdommar, der fire fullførte programmet og tok turleiarkurs. Deltakarane fekk brei erfaring innan mellom anna klatring, topptur, skred, førstehjelp og turleiing. Fleire deltakarar hadde minoritetsbakgrunn og låg sosioøkonomisk bakgrunn, noko som bidrog til god inkludering og personleg utvikling.

Hausten 2025 starta eit nytt kull med ni deltakarar. Programmet har kapasitet til tolv, men rekruttering er krevjande, og mange ungdommar opplever det som vanskeleg å binde seg for eitt år.

Trass i at prosjektet krev høg ressursbruk vurderer vi Unge Naturtalenter som eit verdifullt tiltak med stor effekt for deltakarane og som ei viktig satsing for framtidig ungdomsarbeid i DNT.

Turlaga i DNT Sogn og Fjordane


Aurland Turlag

Skipa: 2012
Tal medlemmar: 170
Hytter: 0
Tal sengeplassar: 0
Kilometer merka stiar: 0
Tal dugnadstimar: 584



Balestrand og Høyanger Turlag

Skipa: 2008
Tal medlemmar: 238
Hytter: 0
Tal sengeplassar: 0
Kilometer merka stiar: 128
Tal dugnadstimar: 480



Flora Turlag

Skipa: 1976
Tal medlemmar: 867
Hytter: 4 Gjegnabu, Blåbrebu, Kinn og Børabu
Tal sengeplassar: 36
Kilometer merka stiar: 44
Tal dugnadstimar: 5 400



Indre Nordfjord Turlag

Skipa: 1977
Tal medlemmar: 557
Hytter: 1 Vetledalsseter
Tal sengeplassar: 6
Kilometer merka stiar: 65
Tal dugnadstimar: 3 205



Indre Sunnfjord Turlag

Skipa: 1971
Tal medlemmar: 1 904
Hytter: 3 Massbu, Nipebu,
Longevasshytta
Tal sengeplassar: 30
Kilometer merka stiar: 199
Tal dugnadstimar: 5 103



Keipen Turlag

Skipa: 1990
Tal medlemmar: 345
Hytter: 2
Knekkevasshytta, Moldahytta
Tal sengeplassar: 22
Kilometer merka stiar: 92
Tal dugnadstimar: 3 202



Luster Turlag

Skipa: 1971
Tal medlemmar: 619
Hytter: 4 Austerdalshytta, Fivla,
Fuglesteg, Tungestølen
Tal sengeplassar: 92
Kilometer merka stiar: 22
Tal dugnadstimar: 3 188



Lærdal Turlag

Skipa: 1990
Tal medlemmar: 166
Hytter: 0
Tal sengeplassar: 0
Kilometer merka stiar: 150
Tal dugnadstimar: 613



Midtre Nordfjord Turlag

Skipa: 1978
Tal medlemmar: 965
Hytter: 0
Tal sengeplassar: 0
Kilometer merka stiar: 280
Tal dugnadstimar: 1 607



Sogndal Turlag

Skipa: 1976
Tal medlemmar: 1 240
Hytter: 3 Grøssete,
Kollsetestølen og Kjørrdalsselet
Tal sengeplassar: 14
Kilometer merka stiar: 100
Tal dugnadstimar: 2 920



Vik Turlag

Skipa: 2001
Tal medlemmar: 203
Hytter: 3 – Målsethytta,
Jashaugbu, Sylvarnes
Tal sengeplassar: 44
Kilometer merka stiar: 59
Tal dugnadstimar: 2 063



Ytre Nordfjord Turlag

Skipa: 1985
Tal medlemmar: 279
Hytter: 2 Kråkenes
fyr, Skongenes Fyr
Tal sengeplassar: 33
Kilometer merka stiar: 40
Tal dugnadstimar: 4 100



Ytre Sogn Turlag

Skipa: 1985
Tal medlemmar: 225
Hytter: 1 Råkeneset
Tal sengeplassar: 8
Kilometer merka stiar: 16
Tal dugnadstimar: 827



Årdal Turlag

Skipa: 1973
Tal medlemmar: 389
Hytter: 1 Gravdalen
Tal sengeplassar: 12
Kilometer merka stiar: 178
Tal dugnadstimar: 2 378



Tal medlemmar, turar/arrangement og deltakarar 2025

Lokalt turlag	Tal medlem 2025	Turar/arr 2025	Turdeltakar 2025	Tal medlem 2024	Turar/arr 2024	Turdeltakar 2024
Ytre Nordfjord Turlag	279	27	1524	279	13	665
Midtre Nordfjord Turlag	965	44	846	953	42	758
Indre Nordfjord Turlag	557	40	1070	576	46	570
Indre Sunnfjord Turlag	1904	131	4369	1821	103	3765
Flora Turlag	867	150	1590	906	90	1987
Keipen Turlag	345	30	1187	279	19	686
Sogndal Turlag	1240	58	2001	1150	58	1900
Luster Turlag	619	38	1102	594	30	1014
Lærdal Turlag	166	20	408	176	18	367
Vik Turlag	203	43	918	210	31	686
Årdal Turlag	389	77	815	402	107	1753
Ytre Sogn Turlag	225	20	1072	237	19	806
Balestrand og Høyanger Turlag	238	12	120	237	4	44
Aurland Turlag	170	35	542	168	24	360
DNT Sogn og Fjordane		14	2438		24	306
Sum	8 168	739	20 001	7989	628	15667

Tal personar med turleiarutdanning pr. 2025

Lokalt turlag	Aktivitetsleiar/ Nærturleiar	Grunnleggande turleiar	Sommar- turleiar	Vinter- turleiar	Kurshaldar
Ytre Nordfjord Turlag	3	8			
Midtre Nordfjord Turlag		5	1	1	
Indre Nordfjord Turlag	4	29	3		
Indre Sunnfjord Turlag	23	27	10	5	2
Flora Turlag	25	27	7	1	
Keipen Turlag	5	14	3	1	1
Sogndal Turlag	3	15	2	1	
Luster Turlag	5	15	1	1	
Lærdal Turlag		5			
Vik Turlag		8			
Årdal Turlag	2	16	2	2	1
Ytre Sogn Turlag	6	25			
Balestrand og Høyanger Turlag	1	9	1		
Aurland Turlag		5			
Sum	77	208	30	12	4

Hyttestatistikk 2025

Hyttenamn	Lag	Type	Senger	Overnatting		Dagsbesøk	
				2025	2024	2025	2024
Blåbrebu	FT	U	14+hems	70	58	-	9
Børabu	FT	U	6	76	34		4
Gjegnabu	FT	U	6	104	121	41	25
Kinn	FT	U	9 + madr	505	550	113	167
Longevasshytta	IST	S	11+hems, sofa, bod	333	261	18	43
Massbu	IST	U	6	68	74	15	7
Nipebu	IST	S	10+hems,sofa,bod	390	378	21	
Fivla	LuT	U	24+madr	367	314	-	
Fuglesteg	LuT	U	31+madr	400	550	5000	5000
Tungestølen Turisthytte	LuT	B	25	1531	1323	-	
Austerdalshytta	LuT	U	12	136	110	-	
Grøssete	ST	U	4+sofa	274	239	-	
Kollsetestølen	ST	U	8	287	253	-	
Kjørrdalsselet	ST	U	2	241	105	-	-
Råkeneset	YST	U	8+madr	160	130	-	
Gravdal	ÅT	U	12	260	132	-	40
Skongenes	YNT	U	18+madr	252	429	-	
Kråkenes Fyr	YNT	U	15	1584	1316	-	
Målsethytta	VT	U	30	936	731	130	166
Jashaugbu	VT	U	4+hems	135	90		
Sylvarnes	VT	U	9+madr	93	119	14	74
Vetledalseter	INT	S	6+madr	137	122	120	126
Moldahytta	KT	U	10	52	37	20	24
Knekevasshytta	KT	U	12	53	96	43	62
Totalt			283	8444	7572	5535	5760

Vi takkar våre partnerar for godt samarbeid i 2025!



**Vestland
fylkeskommune**

DNT Sogn og Fjordane samarbeider godt med Vestland Fylkeskommune, og har hatt jamlege møter gjennom året knytt til budsjett og søknad. Fylkeskommunen har i 2025 løyvd kr 576.000 som grunnfinansiering til foreninga vår. Midlane vi får frå Vestland Fylkeskommune er svært viktige for at DNT Sogn og Fjordane kan oppretthalde vår drift og dermed støtte opp under friluftslivet og frivilligheita i vår organisasjon. DNT Sogn og Fjordane har ein slank og effektiv organisasjonsmodell, som medverkar til at all aktivitet i lokale turlag i vårt nedslagsfelt er driven av frivillige med ei sterk dugnadsand.



DNT SF takkar FNF for det gode samarbeidet vi har hatt i 2025. Vi jobbar saman for vern av natur, og mot nedbygging av natur. Vi deltek også saman i styringsgruppa for Friluftsliv for barn og unge. Det er Ket Fossen som er tilsett som koordinator for FNF i Sogn og Fjordane, og vårt Naturvernutval er med i FNF sitt styre. FNF er vår stemme utad spesielt i naturvernsaker, og vi er glad for det gode arbeidet som FNF lokalt gjer for oss i dei tilslutta organisasjonane.



*sparebankstiftinga
sogn og fjordane*

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er ein god samarbeidspart for DNT Sogn og Fjordane, og er på vårt lag for å støtte det frivillige friluftslivet i vår region. Sparebankstiftinga sitt mål med gåvemidlane er at dei skal gå til prosjekt i det området som overskotet i Sparebanken er skapt: I Sogn og Fjordane. Vi mottok i 2025 kr 500 000 i gåvemidlar, som DNT Sogn og Fjordane igjen fordeler til lokale turlag etter søknad. Dette er ein effektiv, nyttig og målretta ordning for våre lokale turlag. Med denne søknadsbaserte interne tilskotsordninga ser vi at mange gode prosjekt lokalt vert realisert til glede for lokalsamfunn, og løyser dessutan ut midlar frå andre bidragsytarar. Vi har også eit godt og tett samarbeid knytt til prosjektet *Eg gjekk ein tur på stien*.

Samarbeidsprosjekt andre frilufsorganisasjonar:

Friluftsliv barn og unge i Sogn og Fjordane er eit samarbeidsprosjekt mellom frilufsorganisasjonane i vår region for å få til ei betre/samla oversikt på frilufsaktivitetar i kvar kommune. I styringsgruppa for prosjektet sit Hege Mundal på vegne av DNT Sogn og Fjordane ilag med FNF, KFUK/KFUM og SFJ Jeger og Fisk.

DNT Sogn og Fjordane samarbeider også med Røde Kors, Frivilligsentralar, BUA, Friluftråd og andre frivillige organisasjonar.

Samarbeidsavtalar næringsliv og kultur:



I 2021 fornya vi rabattavtalen med Chatlet, som DNT Sogn og Fjordane har hatt i ei årrekke. Chatlet har butikkar på Sandane, Nordfjordeid og i Førde. Alle medlemmer i DNT Sogn og Fjordane/lokallag får 15 % rabatt på sports- og friluftsutstyr (ikkje elektronikk). Medlemmer som vil nytte rabatt må vise til gyldig medlemsskap.



DNT Sogn og Fjordane har, i samarbeid med Indre Sunnfjord Turlag, inngått avtale med Førdefestivalen for 2025. Avtalen omhandlar mellom anna gjensidig marknadsføring og profilering under arrangementet og på nettsider, samt dugnad og turleiing i festivalperioden. DNT på nasjonalt nivå har eigen avtale med festivalen.

ØKONOMI

Vi viser til rekneskap og budsjett. Styret finn at føresetnad for framleis drift er tilstades. Rekneskapen er handtert av Sparebank 1 Forretningsparner, som utarbeider årsrekneskap med notar til årsmøte. Revisjon er utført av intern revisor vald på DNT SF årsmøte 2025, Knut Furu Strømmen.

DNT Sogn og Fjordane vil takke alle frivillige som bidreg til friluftsliv og naturopplevingar for andre. DNT SF takkar samarbeidspartnarar, næringsliv, kommunar og Vestland Fylkeskommune samt lokallaga og DNT for godt samarbeid i 2025.

Styremøte februar 2026

Styret i DNT Sogn og Fjordane

Trond Øyen Einemo, Karen Weichert, Jarle Aarvoll, Per Tore Meier, Bente Sunde